



Etter adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon


John Anton Gladsø, 5764 3130

Fiske etter laks og sjøaure i og utanfor Flåmselvi i 2019

For å sikre laksebestanden i Flåmsvassdraget stenger Fylkesmannen i Vestland fisket etter laks og sjøaure i Flåmselvi og i utvida munningssone, ut til Dorganeset, i 2019. Vedtaket er heimla i § 11 i lakse- og innlandsfisklova.


I forskrift om fiske etter anadrome laksefisk i sjøen er det lov til å fiske etter laks og sjøaure frå 1. juli – 31. juli. Etter skadeflaumen hausten 2014 har ikkje grunneigarane i Flåmselvi fiska i elva.

Fylkesmannen, med fleire, har motteke eit varsel om at situasjonen til villakspopulasjonen i Flåmselvi er kritisk. Gytebestanden av laks er redusert frå 1000 -1500 kg (200-280 individ) i 2012-2016 til 200 kg (34 individ) i 2018, medan gytebestand for sjøaure er redusert frå 394 individ i 2014 til 60 i 2018 (figur 1).



Figur 1. Tal og vekt av gytefisk av laks og sjøaure i Flåmselvi basert på drivteljing 2012-2018 (kjelde NORCE).

Ved å frede fisket i elva, vert det heller ikkje lov til å fiske etter laks og sjøaure i sjøen ut til Dorganeset (figur 2), jf. § 6 i forskrift om fiske i og utanfor vassdrag med anadrome laksefisk, Sogn og Fjordane.



Figur 2. I området ut til den rauden streken vert det ikkje tillate å fiske etter laks og sjøaure i 2019.

Vedtaket er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12. Kunnskapsgrunnlaget er godt, og det er mellom anna gjennomført årlege gytefiskteljingar som stadfester at det er lite laks og sjøaure i vassdraget (figur 1). Den samla påkjennninga vurderer vi å vere stor. Laks og sjøaure har vore påverka av sikringstiltak i åra etter flaumen, og ei rehabilitering av kraftverksdammen i 2018/2019 førte til tilførsel av finmassar til vassdraget. I tillegg er det ein viss fangst av laks og sjøaure på sportsfiske i sjøen, og fangst av laks i kilenøter på kysten. Vi vurderer difor at fisk som kjem tilbake til vassdraget må få kome opp i elva og gyte. Føre-var-prinsippet vert difor lagt til grunn for vedtaket.

Er det noko i vedtaket de vil klage på, kan de sende klage til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ei eventuell klage skal de sende via Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Gry Walle
seniorrådgjevar

John Anton Gladsø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

**Adresseliste:**

Aurland jakt- og fiskelag	Heggjedalen 16	6823	SANDANE
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND			
SOGN OG FJORDANE			
Statens Naturopsyn	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Flåm elveeigarlag			
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ